

KM 11/02 Opplysningsvesenets fond - Evaluering -Endring av regelverk - VEDTAK

Merknader frå fleirtalet (12) i Kyrkjemøtekomiteen:

Komiteé C tek rapporten frå Statskonsult til orientering. Komiteen ser at regionale, kulturelle og ressursmessige forskjellar i vårt land gjer det naudsynt å kunne gje større fleksibilitet for bispedømeråda sin tildeling enn det rapporten legg opp til. Rapporten legg tidvis opp til ei for sterk grad av konformitet og komiteen meiner at kyrkja bør ha ei anna tilnærming. Den lokale kyrkja sin trong bør være det sentrale. Komiteen vil i sterk grad leggje vekt på at midlane skal gå til prosjekt innafor Kyrkjemøtet sine satsingsområder.

Erfaringsutveksling frå dei mange prosjekt er viktig. Komiteen vil særleg leggje vekt på at det må utarbeidast rapporteringsrutinar som gjer erfaringsutveksling frå gjennomførte prosjekt mogeleg. I forhold til rapportering bør det differensierast mellom større og mindre tilskot. Rapporteringa kan i sterkare grad knyttast til resultat enn kva tilfellet er i dag.

Komiteen ynskjer å legge vekt på at § 10 i retningslinjene tek vare på omsynet til organ på nasjonalt plan. Denne paragrafen omhandlar pilotprosjekt av nasjonal karakter. Endringar i § 6.2 har difor i fyrste rekke verknad på regionalt og lokalt plan. Ved at det i § 6.1 blir nytta ordet *primært*, er det ei viss opning for andre former for støtte.

Utfordringa for kyrkja ligg i å tenkje nyskaping i samspelet mellom regionale og lokale nivå. Målet må vera å skape handlefridom nedover i systemet. Det vil vera naturleg å sjå på endringar i disponeringar i fondet i samanheng med ei eventuell endring i regelverk kring kyrkja sin økonomi. I samanheng med ei slik utgreiing vil det vere naudsynt å sjå på korleis midlar frå fondet si avkastning kan koma lokalplanet i kyrja til gode. I ei slik utgreiing bør ein sjå på dei større linjene for fordeling og få ei avklaring på kyrkja sitt eigarskap til fondet.

Kyrkjerådet sine årlege rapportar om bruk av midlar har vist at det har vore ei utvikling i bispedøma frå støtte til eksterne prosjekter til ei sterkare vekt på tiltak i eigen regi. Komiteen ynskjer å gi eit signal om at meir av midlane skal formidlast til eksterne tiltak, og vil behalde § 7.4, men endrar ”skal” til ”bør”.

Mindretalet (5) sine merknader:

Mindretalet i komiteen, fem medlemmer, sluttar seg til fleirtalet sine merknader. Mindretalet legg vekt på merknaden frå Departementet om at evalueringa frå Statskonsult bør føre til ein heilskapeleg gjennomgang av føremål, innretning, praktisering m.v. av tilskotsordninga, og kan ikkje sjå at handsaminga i Kyrkjerådet i denne saka i tilstrekkelig grad har svart på dei meir prinsipielle spørsmåla om utilstrekkeleg samsvar mellom Kyrkjemøtet sine intensjonar og praksis i dag.

Dei endringar i føreskriftene som Kyrkjemøtet no blir invitert til å vedta, ivaretek etter mindretalet si meining ikkje i tilstrekkeleg grad trongen for gjennomgang og klårgjering av Kyrkjemøtet sine intensjonar, stilt overfor utfordringar i dag. Mindretalet er i fyrste rekkje opptatt av å styra midlane ut frå satsingsområder og resultat på ein måte som samstundes sikrar kyrkjelydane sine handlingsrom. Det vil vere ønskeleg at Kyrkjemøtet får høve til å koma tilbake til korleis dette best kan bli ivareteke, både for å klårgjere Kyrkjemøtet si forståing av prosjektverksemd og for å sikre eit betre gjennomarbeida grunnlag for rapportering og framtidig evaluering.

Kyrkjemøtet sitt vedtak:

Kyrkjemøtet endrar § 7.4 (*"Hovedtyngden av Bispedømmerådets andel skal tildeles eksterne tiltak"*) til (*"Hovedtyngden av Bispedømmerådets andel bør tildeles eksterne tiltak"*). § 6.2 (*"det kan gis driftsstøtte for en begrenset periode"*) i retningslinjene for tildeling frå Opplysningsvesenets fond går ut.

Endringa trer i kraft frå og med 1.1.2004.

Kyrkjerådet blir bedt om å koma tilbake til Kyrkjemøtet med eit forslag til nærare klårgjering av Kyrkjemøtet sine intensjonar i høve til omgrepa prosjektstønad, stønad til drift og grunnstønad, om samsvar mellom satsingsområder, resultat, rapportering og læring.